

Skjemainformasjon

Referanse 190372
Innsendt 15.10.2008 18:46:58

Opplysningar om søkjar

Søkjar
Namn på organisasjonen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Leiar for institusjonen Snorre D. Øverbø
Postadresse Askedalen 2
Postnummer / Poststad 6863 Leikanger
Tlf. til organisasjonen 57656100
Kontaktperson for prosjektet Snorre D. Øverbø
Tlf. til kontaktperson 57656100
E-post til kontaktperson snorre.d.overbo@sfj.no
Nettstad <http://www.fylkesarkiv.no>
Org. Nr

Opplysningar om prosjektet

Prosjekt
Søknaden gjeld Utvikling av digitalt innhald og tenester

- ☒ utvikling av brukarvenlege digitale tenester
- ☒ digital tilgjengeleggjering og digital formidling av kunnskap og kulturarv

Tittel på prosjektet Møtebøker på nett

Samandrag av prosjektet

Prosjektet tek sikte på å etablere ei landsdekkjande formidlingsteneste for kommunale og fylkeskommunale møtebøker i løpet av 2009. Det skal utviklast ein web-basert applikasjon for å publisere historiske formannskapsprotokollar på Internett, og gjere desse søkbare. 12 kommunearkivinstitusjonar spreidd over heile landet skal gå saman om å utvikle denne nye formidlings-tenesta, og syte for at ho held ein høg fagleg kvalitet, og er samstundes brukarvenleg.

Prosjektomtale

- MÅL**
- Å gje forskarar og folk flest tilgang til kommunane og fylkeskommunane sine formannskaps-protokollar frå 1837 og fram mot vår tid, via ein landsdekkjande vev-teneste.
 - Gjere desse verdfulle kjeldene søkbare for brukarane, og gje tilgang til digitaliserte fulltekstversjonar av dei einskilde protokollane.
 - Etablere ei tenester der kommunearkivinstitusjonane kan presentere og formidle sin viktigaste kjeldeserie.
 - Gjere den tekniske løysinga kompatibel med eksisterande standardar, nasjonalt og internasjonalt innanfor fagområdet.
 - Tenesta skal vere gratis og tilgjengeleg for alle. Målet er at flest mogeleg av kommunane sine protokollar skal vere tilgjengeleg i løpet av nokre år.
 - Synleggjere viktige deler av den regionale og lokal arkivsektoren sine arkiver på Internett.

BAKGRUNN

Vi ser ein stadig aukande tendens til at brukarar og beslutningstakarar innanfor kulturfeltet orienterer seg mot Internett som referansekjelde og som kjelde til oppleving. Kravet og forventningane til digitale tenester frå ABM-sektoren auker kraftig.

Det er difor eit stort behov, og eit sterkt ønskje frå kulturarvsinstitusjonane, om å få sine samlingar og kjelder tilgjengeleg på nett. Innanfor arkivsektoren har det vore lagt ned stor innsats på digitalisering frå det statlege Arkivverket si side, knytt til historiske persondata og no nyleg kyrkjebøker. Lite har vorte gjort på nasjonalt plan for å få digitalisert viktige lokale og regionale arkiv innanfor kommunesektoren.

Tida er difor inne for å etablere gode og publikumsvennlege tenester frå lokale og regionale arkiver, som kan formidle digitalisert innhald på Internett. Eit naturleg startpunkt vil vere å få digitalisert og tilgjengeleggjort kommunane og fylka sine formannskapsprotokollar. Ei teneste med søkbart register til innhaldet og tilgang til digitaliserte møtebøker i fulltekst, vil løfte fram denne sentrale kjelda, og skape nye bruksområde.

Formannskapsprotokollane er ein av dei viktigaste lokalhistoriske kjeldene vi har. Frå 1837 og framover fortel kjeldene om kommunale verksemd og tiltak, om enkeltmenneske, oppvekst og omsorg, næringsliv og kultur.

Kommunearkivsektoren har vore gjennom viktige endringar dei siste 10 åra. Eit viktig trekk har er at kommunearkivinstitusjonane (KAI) har vorte depot for kommunane sine historiske arkiv. Denne utviklinga er med på å gjere ei slik formidlingsteneste teneste meir praktisk gjennomførbar. Tidlegare var kommunearkiva oppbevart ute i kommunane, og dei var ofte vanskeleg tilgjengeleg. Prosjektet vil opne opp ei viktig del av vår historie for nye brukarar.

TENESTA

12 kommunearkivinstitusjonar står bak søknaden: I KA Finnmark, I KA Troms, Arkiv i Nordland, I KA Trøndelag, I KA Møre og Romsdal, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet i Hordaland, I KA Vest-Agder, I KA Kongsberg, Byarkivet i Drammen, Fylkesarkivet for Vestfold, Oppegård og Frogn arkivdepot,

Dei representerer eit tverrsnitt av faginstitutionane som arbeider med arkiv i fylkeskommunal og kommunal sektor. Det gjeld både geografisk spreing, storleik på verksemdene og variasjon i fagkompetanse.

Prosjektet tek utgangspunkt i 2 separate web-tenester som er i drift i dag hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: "Møtebokregister" og "Digitaliserte bøker". Tenestene ligg ute på nettet her:

- Møtebokregister:

<http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=form&db=dbmotebok>

- Digitaliserte bøker/dokument:

<http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=form&db=dbdokarkivbok>

Her kan publikum søke i saker frå kommunane og fylka sine historiske møtebøker og sjå ein digital fullversjon viss det er tilgjengeleg.

Tenestene har vore online sidan 2000. I hovudsak er det møteprotokollar frå Sogn og Fjordane som har vore utlagd, men dei har og vore nytta av I KA Møre og Romsdal og I KA Vest Agder. Alt i alt er det registrert 87 000 saker, og digitalisert 100 000 protokollsider i systemet.

Fleire andre kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar (KAI) har meldt si interesse for bruke tenestene, og det er eit ønskje i fagmiljøet å vidareutvikle tenestene til å bli landsdekkjande, og som følgjer nasjonale og internasjonale faglege standardar.

Skal det bli ein landsomfattande teneste, må det utviklast eit nytt program, som vidarefører erfaringane og ein del av metodikken frå dei eksisterande tenestene for møtebokregistrering,. Tenesta skal utviklast saman i tett dialog ned arkivmiljøet og sluttbrukarane.

Tenesta skal utelukkande vere web-basert, og all registrering/bruk skal skje via web. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane skal drifte tenesta, og syte for stabile driftstilhøve.

Applikasjonen skal vere gratis å bruke for deltakande KAI -institusjonar, men det vil kome årlege kostnader knytt til drift av servere, lagring, backup m.v.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene prosjektet vil vere:

- a) Utarbeide kravspesifikasjon: Det skal utarbeidast ein kravspesifikasjon basert på innspel frå KAI -miljøet. Viktig her vil vere å sikre at systemet er tilpassa eksisterande faglege standardar (m.a. ISAD(G), OAI, DC). Tenesta skal utviklast slik at den kan integrerast mot ASTA 5 og den komande ASTA-portalen.
- b) Utarbeide datamodell som beskriver programmet sine tre hovudkomponentar: registreringsdel, mediaserver og framvisingsdel
- c) Programmet skal ta opp i deg dei to eksisterande tenestene som i dag er separate. Registreringsdelen av programmet skal utformast etter eit heilskapsperspektiv. Registrering av metadata knytt til dei digitaliserte møtebøkene, og registreringsdata for innhaldet, skal knytast saman i ein applikasjon, og eitt registreringsvindauge.
- d) Utveksling og gjenbruk av data: meta- og innhaldsdata skal enkelt kunne distribuerast og gjenbrukast innanfor for KAI, men og ut mot ABM-sektoren, der det er naturleg, t.d. gjennom samsøk.
- e) Systemutvikling, programmering.
- f) Utarbeide system for opplasting/konvertering/import av digitalt innhald til applikasjonen. Det vi seie at det skal opprettast eit sentralt fillager, der mediefilene frå dei digitaliserte protokollane er lagra og applikasjonen får tilgang til dei. Det skal utviklast løysing for effektiv og sikker opplasting av mediefiler.
- g) Konvertering av data frå eksisterande web-applikasjonar over i det nye systemet.
- h) Å arbeide med utvikle eit enkelt brukargrensesnitt, med god søkefunksjonalitet og mogelegheit for brukargenerert innhald.
- i) Eksportfunksjonar med fokus på godkjende arkivformat.
- j) Uttesting av pilot. Reilretting
- k) Driftsopplegg/driftsavtale: Det skal utarbeidast driftsavtale mellom Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og KAI om framtidig driftsopplegg. Applikasjonen skal vere lokalisert i Fylkesarkivet sitt driftsmiljø; det skal utarbeidast bindande avtalar om vidare utvikling og driftsopplegg etter at prosjektperioden er avslutta. Dette for å sikre tenesta stabile og gode driftstilhøve i åra som kjem.

Tenesta som her er skissert skal vere eit supplement til ASTA, og skal ikkje erstatte ASTA som fagsystem for registrering og katalogføring av arkiv. Det blir å sjå på som eit tillegg til ASTA. Prosjektet skal utvikle ei formidlingsteneste for kommunale møtebøker, som i dag ikkje fins, og som vil dekkje eit sterkt behov hos kommunearkivinstitusjonane.

Det ligg som ein fagleg føresetnad at institusjonane skal bruke ASTA for slikt materiale, eller i det minste har registrert/katalogført sine møtebøker innanfor god arkivpraksis.

For at tenesta skal vere attraktiv for KAI og brukarane, er det naudsynt at det vert utvikla ei registreringsdel for fylkeskommunale og kommunale saker, slik at dei vert søkbare saman med fulltekstversjonen av møtebøkene i visningsdelen av møtebokapplikasjonen. Det er kjernepunktet i prosjektet.

Prosjektet vil arbeide for tett integrasjon mot ASTA-applikasjonen, og ein hovudarbeidsoppgåve vil vere å utvikle gode import/eksport-funksjonar mot ASTA.

Generelt vil prosjektet legge avgjerande vekt på tett samarbeid med ASTA, både i utviklingsfasen og seinare i gjennomføringsfasen. Vi håper og trur at ASTA vert styrka gjennom prosjektet ved at KAI vert stimulert til å ta i bruk programmet.

Møtebøk-tenesta skal utviklast i tråd med ABM-U sine tilrådingar for digitalisering av kommunalt arkivmateriale.

Denne tenesta vil ikkje berre gjere ein viktig kjeldeserie tilgjengeleg for kvar dei deltakande fylkes- og kommunearkivinstitusjonane per se. Men gjennom gode eksportfunksjonar med datasett tilpassa standard utvekslingsformat, vil viktig digitalt innhald no bli tilgjengeleg for web-tenester innanfor heile kultursektoren. Digitalt innhald frå eit landsdekkjande nett av viktig lokale og regionale arkiv vil bli synlege og tilgjengelege for søk og framfinning i ulike samanhenger.

Applikasjonen vil bestå av 3 hovudkomponentar:

- 1) Registreringsdel. Her skal autoriserte brukarar i eit webgrensesnitt registrere relevante metadata knytt til møtebok og saker, og gjere kopling mot angjeldande protokollside(r). Det skal utarbeidast medatadaskjema som er tilpassa tilrådingar frå ABM-U og som føl nasjonale og internasjonale metadatastandardar. Det skal utviklast gode import/eksportfunksjonar på metadatanivå, både i høve til ASTA og internasjonale standardar.
- 2) Visningsdel. Her skal sluttbrukaren søke, finne fram og bla i møteboksider. Visningsdelen skal utviklast slik at den kan enkel kan inkorporerast i eksisterande web-tenester hjå KAI og andre stader der det er aktuelt.
- 3) Mediaserver. Det skal vere eit sentralt fillager det alle dei digitaliserte møteboksidene er oppbevart. Om naudsynt skal det utviklast konverteringsfunksjonalitet som syter for at mediafilene har korrekt format og storleik for systemet, og så er i tråd med gjeldande tilrådingar på området. Mediaserveren vert lagt til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt drifssenter, som syter for tryggleik og sikker langtidsoppbevaring.

MÅLGRUPPER

Målgruppen for tenesta er 3 delt:

- 1) Forskarar. Tenesta vi gje forskarar tilgang eit rikt kjeldemateriale, som i liten grad har vorte brukt i forskning fram til no, pga vanskeleg tilgjenge. Det vil stimulerer til auka forskning innan lokal- og regionalhistorie.
- 2) Einskildpersonar. Det gjeld både personar med interesse innanfor lokal- og regionalhistorie, men og i høve til kommunen og fylkeskommunen som forvaltingsorgan. Formannskapsprotokollar dokumenterer viktige kommunale vedtak som berører einskilmenneske, og deira rettar
- 3) Kommunane og fylka sjølve. Gjennom eit søkbart, historisk register for kommunale og fylkeskommunale møtereferat, vil kommunane og fylka får betre tilgang til egne vedtak til bruk i eigenforvaltning og som forbeta service til sine nnbyggjarar.

RESULTAT

- Store delar av kommunane og fylkeskommunane sine historiske formannskapsprotokollar vert søkbare og tilgjengelege i fulltekst på Internett for forskarar og andre sluttbrukarar i løpet av nokre år
- Ein av dei viktigaste lokalhistoriske kjeldene i Noreg vert tilgjengeleg på ein ny måte, og kan introduserast for nye brukargrupper og det kan skapast nye bruksområde. Potensialet for nye bruksområde er stort.
- Data frå tenesta (metadata og innhald) kan integrerast i andre web-tenester , og gjenbrukast i nye kontekster innanfor ABM
- Synleggjere kommunearkiva som viktig kjelde og ressurs innanfor ABM og i samfunnet elles.
- Kommunane får enkel tilgang til kommunale vedtak, og kan bruke tenesta som ein ressurs i deira eigen forvaltning.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato 01.02.2009

Sluttdato 31.12.2009

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Kravspesifikasjon	01.02.2009	31.03.2009
Datamodell	01.04.2009	30.04.2009
Systemutvikling	01.05.2009	30.09.2009
Testing, utprøving, systemdokumentasjon,	01.10.2009	30.11.2009
Driftsavtalar mellom KAI og Fylkesarkivet i S. og	01.12.2009	15.12.2009

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

Dette er hovudopplegget i framdriftsplanen. Men etter som prosjektert vert utvikla kan dei ulike prosjektaktivitetane gå over i kvarandre, alt ettersom korleis arbeidet går framover. Det gjeld særleg tilhøvet mellom systemutvikling og testing.

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar? Ja

Samarbeidspartner 1

Namn Interkommunalt Arkiv Finnmark
Formell avtale? Nei
Postadresse c/o Porsanger kommune Rådhuset
Postnr / Poststad 9712 Lakselv
Kontaktperson Marion Sørensen
Tlf. til kontaktperson 78464660
E-post til kontaktperson
Rolle Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 2

Namn Arkiv i Nordland
Formell avtale? Nei
Postadresse Postadresse Høgskolen i Bodø
Postnr / Poststad 8049 Bodø
Kontaktperson Ketil Jensen
Tlf. til kontaktperson 75517578
E-post til kontaktperson
Rolle Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 3

Namn Interkommunalt arkiv Trøndelag

Formell avtale?	Nei
Postadresse	Kulturbunker DORA Arkivsenteret, Maskinistgata 1
Postnr / Poststad	7042 Trondheim
Kontaktperson	Kari Remseth
Tlf. til kontaktperson	73884500
E-post til kontaktperson	
Rolle	Prosjektmedeigar.

Samarbeidspartner 4

Namn	I KA Møre og Romsdal
Formell avtale?	Nei
Postadresse	Postboks 1073
Postnr / Poststad	6001 Ålesund
Kontaktperson	Arnt Ola Fidjestøl
Tlf. til kontaktperson	70134440
E-post til kontaktperson	
Rolle	Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 5

Namn	Fylkesarkivet i Hordaland
Formell avtale?	Nei
Postadresse	Postboks 7900
Postnr / Poststad	5020 Bergen
Kontaktperson	Anne Aune
Tlf. til kontaktperson	55239950
E-post til kontaktperson	
Rolle	Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 6

Namn	Interkommunalt Arkiv i Vest-Agder
Formell avtale?	Nei
Postadresse	Märthas vei 1
Postnr / Poststad	4633 Kristiansand
Kontaktperson	Ketil Reithaug
Tlf. til kontaktperson	38145591
E-post til kontaktperson	
Rolle	Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 7

Namn	I KA Kongsberg
Formell avtale?	Nei
Postadresse	Nansensgt. 1
Postnr / Poststad	3616 Kongsberg

Kontaktperson
Tlf. til kontaktperson
E-post til kontaktperson
Rolle

Wenche Risdal Lund
32764020

Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 8

Namn
Formell avtale?
Postadresse
Postnr / Poststad
Kontaktperson
Tlf. til kontaktperson
E-post til kontaktperson
Rolle

Byarkivet i Drammen
Nei
Engene 1
3008 Drammen
Tom Oddby
92045612

Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 9

Namn
Formell avtale?
Postadresse
Postnr / Poststad
Kontaktperson
Tlf. til kontaktperson
E-post til kontaktperson
Rolle

Fylkesarkivet for Vestfold
Nei
Svend Foymsgate 9
3103 Tønsberg
Harriet Marie Terjesen
33344000

Prosjektmedeigar.

Samarbeidspartner 10

Namn
Formell avtale?
Postadresse
Postnr / Poststad
Kontaktperson
Tlf. til kontaktperson
E-post til kontaktperson
Rolle

Oppegård og Frogn arkivdepot
Nei
Oppegård kommune Postboks 510
1411 Kolbotn
Vegard Arnesen
66815050

Prosjektmedeigar

Samarbeidspartner 11

Namn
Formell avtale?
Postadresse
Postnr / Poststad
Kontaktperson
Tlf. til kontaktperson
E-post til kontaktperson

Interkommunalt arkiv Troms
Nei
c/o Statsarkivet i Tromsø
9293 Tromsø
Harald Lindbach
77676980

Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Kva	Spesifikasjon	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Kravspesifikasjon, datamodellering	kr 100 000,00
	Testing, utprøving	kr 60 000,00
	Systemdokumentasjon	kr 40 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	Systemutvikling	kr 280 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Reise og opphald	kr 100 000,00
Totale utgifter		kr 580 000,00

Inntekter

Spesifikasjon	Tilskot stadfesta?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 300 000,00</u>
Eigeninnsats Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	Ja	kr 60 000,00
Eigeninnsats, 11 kommunearkivinstitusjonar	Ja	kr 220 000,00
Totale inntekter		kr 580 000,00

Vedlegg

Ingen vedlegg lasta opp